

Arkivnr: 2018/16486-82
Saksbehandlar: Ingrid Holm Svendsen

Saksframlegg**Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Partssamansett utval		02.09.2019

Reglement for reiser i Vestland fylkeskommune**Prosjektleiar føreslår at partssamansett utval gjer fylgjande vedtak:**

Partssamansett utval stiller seg bak forslaget til reglement for reiser i Vestland fylkeskommune, slik det er omtalt i saksframlegget.

Rune Haugsdal
prosjektleiar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Prosjektlear, 23.08.2019

Bakgrunn for saka

Reglementet for reiser er utarbeidd med tanke på god og effektiv planlegging og gjennomføring av reise. Reiseverksemda skal vere nøktern, miljø- og kostnadsbevisst. All reiseaktivitet i inn- og utland skal vere relatert til definerte mål og politiske vedtak i Vestland fylkeskommune.

Avklaring og innføring av reglement for reiser ligg innanfor fullmakta prosjektlear har fått av fellesnemnda for fastsetting av den administrative organiseringa for Vestland fylkeskommune. Prosjektlear legg difor denne saka fram for partssamansett utval til uttale som grunnlag for prosjektlear si endelege avklaring.

Forslag til reglement for reiser i Vestland fylkeskommune

Prosjektlear viser til vedlegget i saka for nærmare omtale av forslaget til reglement for reiser i Vestland fylkeskommune for tilsette.

Drøfting med hovudtillitsvalde

Prosjektlear la fram forslag til etisk reglement på informasjons- og drøftingsmøte med hovudtillitsvalde i dei to fylkeskommunane, 26.08.19. Merknader og forslag til endringar er innarbeidd i forslaget til reglement for reiser i Vestland fylkeskommune, som gjennom denne saka vert lagt fram for partssamansett utval.